

3 RESULTAT

Vasskvalitet.

Analyseresultatata av vassprøvene går fram av tabell 1 under.

TABELL 1. Vassprøver, analyseresultat.

VATN	El.led.		Alkalitet mmol/l	Kalsium mg Ca/l	Aluminium µg Al/l	Farge uv
	pH	µS/cm				
Råssavatn	5,22	24,9	0,04	0,54	62	35
Giljastølv.	4,98	22,3	0,03	0,42	69	10
Stølsvatn	4,94	19,4	<0,06	0,29	44	15
Fodnastølv.	4,96	19,6	0,02	0,32	58	5
Valevatn	5,03	23,6	0,02	0,39	72	5
Lauvvatn	4,94	26,6	<0,06	0,41	64	15
Brekkestølv.	4,86	25,3	<0,02	0,39	88	45

pH-verdiane låg mellom 4,86, Brekkestølsvatn og 5,22 i Råssavatn. I vatna i Frafjordvassdraget låg pH-verdiane mellom 4,94 og 5,03. Alle vatna er sure og aluminiumsinnhaldet er høgt. Fjellgrunnen i dette området har låg bufferkapasitet mot forsureing og vasskvaliteten ligg nær den nedre grensa for det auren kan tole med omsyn til rekruttering.

Mageprøver.

Resultatet av mageprøveanalysene er sett opp i tabell 2 på neste side.

TABELL 2. Næringsval i volumprosent.

NÆRINGSDYR	Fjærmygglarver	Fjærmyggpupper	Vårflugelarver	Døgnflugelarver	Vassnymfelarver	Vassteiger	Vasskalvarver	Vasskalv, imago	Luftinsekt	Bythotrephes long.	Gelekreps	Linsekreps	Antal prøver
VATN													
Råssavatn			8		5	20	45	5	18				8
Giljastølv.	4	4	11						36	31	13	1	15
Stølvatn	7	23	33	4					16	9	4	4	15
Fodnastølv.	5	13	17						36	7	20	1	15
Valevatn	15	15						1	61	8			15
Lauvvatn	49	7	1						20	23			15
Brekkestølv.	4		76			20							5

Larver og pupper av fjærmygg og vårflugelarver var viktige innslag i næringa i dei fleste vatna, det same var tilfelle for insekt fanga på overflata og fleire artar av planktoniske krepssdyr.

Dei einskilde vatn.

Råssavatn, 454 m o.h., areal = 14 ha.

Vatnet ligg ca. 15 min.'s gange frå bilveg. Omgivnadene er slake bjørkeskogslirer og her er bygt fleire hytter. Nedslagsfeltet er lite og gjennomstrøyminga dermed låg. Grunnområda dominerer og tilhøva for utøving av fiske er fine. Gytetilhøva er svært sparsame, berre på einskilde små flekker i utlaupselva finst det høveleg gytesubstrat.

Prøvefiske med 1 Jensen-serie og 1 "fleire-omfars" garn gav 9 aurar. Kvaliteten på fisken var uvanleg flott, gjennomsnittleg

Lauvvatn, 504 m o.h., areal= 110 ha.

Vatnet er omgjeve av urdar, og store område med nake fjell, nord for vatnet ligg Espedalsstølen, ved Stølsmyrane. I vatnet finst store grunnområde.

På 1 Jensen-serie vart det fanga 58 aurar, største fisk var 29,3 cm og 220 gram. Gjennomsnittleg k-faktor var 0,97 og kvaliteten jamnt fin.


Fisken var jamnt litt større og veksten noko raskare enn i vatna nedanfor.

Gytetilhøva er truleg avgrensa til innlaupselva i nord og mindre parti ved utlaupsosen. Bestanden er likevel tett så gyteområda er tilstrekkelege til å oppretthalde bestanden. Også her kan det fiskast meir med garn, helst 22-24 omfar.

LENGDE

- 15 -

CM



LAUVVATN: Vekstkurve og lengdefordeling.

% AV
TOTAL

